

Kvamskogengruppe drøftar vegval

Publisert: 05.11.2009 på www.hf.no og trykt i bladet 06.11.2009.



Oddvar Brakestad (H) er ein av tre medlemmer i ei arbeidsgruppe som får bryna seg på Fylkesmannen i kampen for ein godkjend kommunedelplan for Kvamskogen. Her er han saman med Eva Katrine Taule frå Fylkesmannen og Marit Rødseth frå fylkeskommunen på eit møte om den nye plan- og bygningslova 14. oktober.

Arkivfoto: Sigbjørn Linga

Fredag møttest ordførar Astrid Farestveit Selsvold (Ap), Oddvar Brakestad (H) og Martin Vik (Sp) for å drøfta vegen vidare for kommunedelplanen for Kvamskogen. Dei tre vart i januar 2005 valde til ei snøgtarbeidande arbeidsgruppe som skulle syta for framdrift i saka.

På saklista står gjennomgang av eit referat frå eit møte mellom arbeidsgruppa og Fylkesmannen 19. mars. Fylkesmannen har kome med ei rekkje motsegner til planutkastet, og i møtet vart desse drøfta. Dei tre politikarane la mellom anna fram ynskje om kva hytteområde dei framleis ynskjer å realisera, og kva område dei kan vera villige til å stryka frå kartet.

Det tok Fylkesmannen sju månader å koma med sine kommentarar til møtereferatet, noko han har bede om orsaking for i eit brev i oktober. I brevet skriv han òg at omfanget av hyttebygging på Kvamskogen må sjåast i lys av at det er planlagt fleire hyttefelt andre stader i kommunen i kommuneplanen. Natur- og friluftsverdiar må vektleggjast, skriv han.

Fylkesmannen meiner konsekvensutgreiinga knytt til kommunedelplanen er mangelfull på fleire punkt. Han meiner planframlegget må endrast så mykje og er omfatta av så stor offentleg interesse at det må sendast på ny høyring. Dette skal drøftast av arbeidsgruppa i dag.

Gruppa skal òg drøfta eit såkalla urbant jordskifte. Gjennom sin advokat har Sandven sameige frasett ynskje om at dette vert gjennomført. Advokaten er invitert til møtet i dag.